



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2313  
Tom Pedersen, 5557 2119  
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato  
21.04.2016  
Dykkar dato  
08.03.2016

Vår referanse  
2016/3289 431  
Dykkar referanse  
15/6172

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Nytt Ænes settefiskanlegg. Søknad om uttak av vatn - Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS

-----  
**Søknad om vassuttak til settefiskanlegg er konfliktfylt i høve til viktige nasjonale miljøverdier. Konsekvensvurderingane i søknaden er ikkje er dekkande for verknader av tiltaket på verna vassdrag, biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og arealbruk. Fylkesmannen meiner det er uheldig å etablere eit nytt settefiskanlegg ved utløpet Æneselva. Vi viser til planlegging og konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova.**  
-----

Søknaden gjeld løyve til å ta ut vatn frå Æneselva til bruk i nytt settefiskanlegg. Ein vil nytte same opplegg for vassinntak som vart nytta av tidlegare Ænes Fiskeoppdrett, som hadde løyve til uttak på mellom 6 og 60 l/s. Ny søknad er langt høgare uttak, inntil 0,2 m<sup>3</sup>/s. Dei søkjer og om minstevassføring på 0,3 m<sup>3</sup>/s.

Grunngjeving for å byggje nytt anlegg er at Eide fjordbruk og Lingalaks vil sikre tilgang til smolt av god kvalitet i samband med planar for auka vekst i næringa, både eigne anlegg og andre oppdrettarar i regionen. Søkjar har vurdert andre lokalitetar og anlegg i regionen. Søknaden omtaler ikkje desse alternativa noko nærare, men viser til at deira primære ønskje er å bygge eit nytt anlegg basert på moderne teknologi. Det er gjort ein enkelt konsekvensvurdering som er innarbeidd i søknaden.

Fylkesmannen har gitt uttale til melding og forslag til planprogram for detaljregulering av tiltaket på Ænes, sjå vårt brev av 07.04.16 som er sendt i kopi til NVE. Denne høyringa har gått parallelt med høyring på søknad etter vassressurslova. Vi meiner det er nødvendig å handsama desse sakene i samanheng. I vår uttale til planprogrammet gir vi innspel til tema som bør inngå i konsekvensutgreiinga etter plan- og bygningslova. Vi meiner det er føremålstenleg om konsekvensutgreiinga etter plan- og bygningslova gir nødvendig fagleg kunnskapsgrunnlag, også for vedtak etter vassressurslova.

#### Tekniske planar

Det nye anlegget skal etter planen produsere inntil 6,6 millionar smolt opp til 200-400 g. Dersom det er aktuelt å produsere større fisk, må talet reduserast tilsvarande.

Inntaket er planlagt ved å nytte eksisterande plastra kulp som er del av forbygginga i vassdraget. Det skal leggjast røyr frå elva til pumpekum der vatnet vert pumpa opp til vassbehandlingsanlegget.

Omtale og skisse i søknaden viser aktuelle bygningar og anna arealbruk. Det er planlagt å leggje avløpsleidning frå anlegget og inntaksleidning for sjøvatn i sjølve elveløpet ned til sjøen. Det går fram at ein vil nytte areal ut over det som er avsett til næringsområde i gjeldande kommunedelplan. Søkjar har gjort privatrettslege avtalar om bruk av desse areala.

Ved normal drift vil vassbehovet vere 6 l/s, tilsvarande 20 m<sup>3</sup>/time. Grunngevinga for å søke om vassuttak på 200 l/s, er omfanget av produksjon og moglegheit for å kunne fylle opp vassmagasin og kar på anlegget rask, dvs. innan to døgn. Søkjar uttaler at ein ikkje ønskjer å nytte maksimalt uttak i periodar på året når det er marginalt med vatn i vassdraget.

Søkjar uttaler at ein har basert seg på best tilgjengelig teknologi ved nytt resirkuleringsanlegg (RAS -teknologi) og at uttaket vil vere marginalt. Minstevassføring skal sikre at det ikkje blir negative verknader for vassdraget. Vidare viser dei til at nytt anlegg vil vere meir rømmingssikkert enn gamle anlegg.

### **Søkjar sine vurderingar av verknader**

#### **Hydrologi**

Vassføringskurvene er basert på mellom anna på målingar i Bondhuselva. Søkjar sin konklusjon er at det «nesten alltid» vil vere vatn igjen for å sikre minstevassføring på 300 l/s. Kun i kortare periodar vil det vere aktuelt å fylle opp anlegget og nytte seg av maksimalt uttaksgrense, ikkje ved «normal» drift.

#### **Akvatisk biologisk mangfald**

Uttak av vatn vil i svært liten grad redusere vassdekt areal, og dermed ikkje verke inn på produksjon eller overleving av anadrom laksefisk. Minstevassføringa vil vere tilstrekkelig for overleving av ungfisk i kortare periodar. Konsekvensen er sett til *ubetydeleg (0)*.

#### **Verneområde, landskap og friluftsliv**

Grensa til Ænesdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark ligg rett innfor tiltaket. Området har stor nasjonal og regional verdi i samband med friluftsliv. Søkjar viser til at anlegget ligg nær til vegen, at det ikkje vil bryte opp landskapsbildet, og difor ikkje vil påverke opplevingsverdiar knytt til verneområde eller friluftsutøving. Konsekvensen er sett til *ubetydeleg (0)*.

Med unntak av dei hydrologiske målingane vurderer søkjar datagrunnlaget som ligg til grunn for konsekvensvurderinga som *meget godt*. Dei viser til at vassuttaket ved vanleg drift knapt vil vere merkbart, og konkluderer med at det ikkje er usikkerheit knytt til vurderingane av verknader og konsekvens for dei fleste elementa i søknaden.

### **Fylkesmannens merknader**

Planane gjeld eit nytt industriføretak nær område med nasjonale miljøverdiar. Tiltaket gjeld eit settefiskanlegg ved utløpet av eit verna vassdrag, fortsatt heilt utan større inngrep, ved den viktigaste sjøaureelva i Kvinnherad og nær ein viktig innfallsport til Folgefonna nasjonalpark og Ænesdalen landskapsvernområde.

Omfanget og utforming av eit mogleg industri- eller næringsverksemd i dette området må vere tilpassa natur- og miljøkvalitetane. Etter vår vurdering av framlagte søknad om vassuttak til settefiskproduksjon ikkje tilstrekkeleg som grunnlag for å gjere vedtak i saka. Fylkesmannen er usamd med søkjar sine konklusjonar som gjeld negative verknader naturverdiar knytt til vassdraget og regionen. I våre merknader til planprogrammet har vi omtalt tema som vi meiner må utgreiast nærare. Vi vil kommentere følgjande punkt nærare her:

#### *Anadrom fisk*

Æneselva er eit anadromt vassdrag, og er regionalt viktig for sjøaure. Vassdraget er ikkje kategorisert som eit laksevassdrag med eigen bestand av laks, men laks gyt i vassdraget. Det er gode oppvekst areal for ungfisk på nedste strekkje i elva, i området frå inntak og nedover. Uttak av vatn på 6 l/s – 60 l/s vil etter vår vurdering ikkje påverke bestanden av sjøaure og laks i vassdraget nemneverdig, då eit uttak i denne storleiken sannsynlegvis ikkje vil påverke vassdekt areal.

Vi viser til naturmangfaldlova § 10 om vurdering av samla belastning og økosystemtilnærming. Konsekvensutgreiinga må vise tiltaket i eit langt tidsperspektiv når det gjeld mogleg verknad på vassdragsnaturen og andre miljøverdiar. Tiltaket må vurderast ut frå om fare for auka belastning på elva på grunn av meir rømt fisk i fjorden og sjukdom.

#### *Vassføring*

Settefiskanlegget ved Ænes er planlagt som eit resirkuleringsanlegg. Vassbehovet vil vere avhengig av kva type reinseanlegg som blir nytta, og søknaden er ikkje klår på dette punkt. Normal drift med denitrifikasjonsreinsing vil krevje 6 l/s. Utan slik reinsemetode vil vassforbruket vere 60 l/s. Søkjar skriv i søknaden at minstevassføringa kan «sannsynligvis være ned mot 200 l/s i Ænes i en til to uker og i kalde vintre lenger tid».

For å sikre at ikkje uttak av vatn frå Æneselva ikkje vert eit problem i kalde vintre må det setjast krav om bruk av beste reinsealternativ.

#### *Verna vassdrag, landskap, friluftsliv og arealbruk*

Søknaden må vurderast opp mot dei rikspolitiske retningliner, med krav om buffersone mot elvestrengen. Ænes elva er eit type – og referansevassdrag for samanhengen frå bre- til fjord. Elva gjennom eit kontrastrikt landskap der elveløp, geomorfologiske prosessar, biologisk mangfald og friluftsliv er viktig.

Ænes og Ænesdalen er ein viktig innfallspor til verneområda innafor. Dalføret har store opplevingskvalitetar med høg verdiklasse, jf. planlegging knytt til verneområda på Folgefonn-halvøya. Området har regional og nasjonal verdi i friluftssamheng. Det er difor viktig at arealbruken på Ænes vert planlagt ut frå omsyn til opplevingsverdi, allmenne interesser og tilkomst til å vassdrag og andre viktige naturområde.

Desse punkta er etter vårt syn ikkje diskutert utfyllande i søknaden.

#### **Konklusjon**

Omfanget av oppdrettsverksemd i Hardangerfjorden har ført til store og uløyste problem for naturmangfaldet i sjø og vassdrag i regionen, særleg knytt til sjukdom og rømt oppdrettsfisk.

På denne bakgrunn er det spesielt uheldig å etablere eit nytt settefiskanlegg ved utløpet Æneselva.

Fylkesmannen meiner at planar om å byggje eit nytt settefiskanlegg på Ænes er konfliktfylt i høve til nasjonale og regionale miljøomsyn. Eit vedtak i saka må vere basert på best mogleg kunnskapsgrunnlag og langt meir utfyllande konsekvensvurderingar enn den som følgjer med søknad om vassuttak, jf. våre merknader til planprogrammet. Før ein gjer vedtak i saka bør mellom anna følgjande spørsmål vurderast: Omfanget av vassuttaket sett i høve til vassressursen, bruk av best mogleg teknologi/storleik på anlegget, alternativ lokalisering av settefiskanlegg i regionen.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Kvinnherad kommune

Miljødirektoratet

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Postboks 7900

Rosendalsvegen 10

Postboks 5672 Sluppen

Tverrgt. 4/6

5020 Bergen

5470 Rosendal

7485 TRONDHEIM

5017 BERGEN